

Nye soppsjukdomar på syrin og hestekastanje

Av FAGUS-rådgiver Venche Talgø, Maria Herrero og Arne Stensvand

Det er på ettersommaren 2006 registrert mjøldogg (*Microsphaera syringae* syn. *Erysiphe syringae*) på syrin ved fleire lokalitetar i Oslo, Akershus, Buskerud og Telemark. Det vart gjort ein observasjon av mjøldogg på syrin i Oslo hausten 2004, men omfanget ser no ut til å vera mykje større.



Mjøldogg på syrin frå Skien. Foto: V. Talgø

Det vart i slutten av august 2006 funne omfattande skade på blad av hestekastanje i Horten, Tønsberg og Sandefjord. Byrjande angrep vart også registrert i planteskolen ved UMB på Ås. Skadane skuldast soppen *Guignardia aesculi*. Sjukdomen vert kalla "leaf blotch" på engelsk.



Bladflekkear på hestekastanje etter angrep av *Guignardia aesculi* ved Vallo kapell utanfor Tønsberg. Foto: V. Talgø

Det kan lesast meir om desse to sjukdomane i desse artiklane:

Talgø V, M Herrero og A Stensvand 2006 Mjøldogg på syrin. park & anlegg nr 8 side 33.

Talgø V, M Herrero og A Stensvand 2006 To nye bladsjukdomar på hestekastanje. park & anlegg nr 8 side 33.

Vi er interesserte i å få tilsendt prøvar frå område utanom dei nemnde lokalitetane. Prøvar kan sendast til: Bioforsk Planteheelse, Høgskoleveien 7, 1432 Ås.

Venche Talgø og Maria Herrero er begge forskere ved Bioforsk Planteheelse. Arne Stensvand er seniorforsker og forskningsleder samme sted.

Fakta-serien er et tilbud for abonnenter hos FAGUS Rådgivning. Copyright FAGUS. Ettertrykk er ikke tillatt.